



SAKSHANDSAMAR
Erik Småland

VÅR REF.
14/00128-3

ARK. F - Fartøy
Vaarsol

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

+47 98202739

DYKKAR DATO

VÅR DATO
19.08.2014

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune

24 SEPT 2014

Opsangervågen Veteranbåtlag
Sundsvegen 10
5450 SUNDE

v/ Edvin Hammerø

KOPI

LCVT - VAARSOL - SØKNAD OM STATUS SOM VERNA SKIP

Vi syner til Dykkar brev av 13.01.2014 med førespurnad om status som verna skip for "Vaarsol".

Eit farty kan få status som "verna skip" dersom følgjande vilkår vært oppfylde:

- Fartyet må være verneverdig
- Eigar må forplikte seg til å følge gjeldande antikvariske retningsliner ved vedlikehald/konservering og i samband med eventuelt istandsetningsarbeid.

Riksantikvaren avgjer om eit farty skal definerast som verneverdig. Det er i første rekke den historiske betydninga til fartyet, eller fartytypen, som vært vurdert. I tillegg vurderer Riksantikvaren fartyet sin tilstand/autentisitet.

Historikk

M/S «Vaarsol» vart levert i 1920 som byggenummer 124 frå Skåluren Skipsbyggeri i Rosendal til brødrene Skavhellen i Fana. Fram til 1946 dreiv dei kystfiske med «Vaarsol», som hadde fiskerinummeret H-3-FA. Vi kjenner ikkje til kva maskin fartyet hadde ved leveringa. I 1932 vart den første maskina bytta ut med ein ein-sylinder Wichmann på 25 hestar.

I 1946 vart fartyet sold til Lofoten og fekk fiskerinummer N-143MS. Her hadde familien Pedersen i Reine «Vaarsol». I 1950 var det tid for maskinbyte att, og no fekk ho ein to-sylinder Volda semidiesel på 100 hestar. I 1956 vart fartyet forlenga frå 45 til 60 fot. I 1970-71 fekk «Vaarsol» nytt overbygg av aluminium, og i 1972 ei ny maskin. Denne gongen ein Volvo Penta på 260 hestar. I 1990-91 fekk ho ny maskin att, ein Volvo Penta TAMD, og aluminiumsrekker. I 2003 vart skroget laminert.

I 2007 vart «Vaarsol» sold til Folk AS i Tromsø, og frå 2007 til 2008 var «Vaarsol» eigd av Havbør AS i Vesterålen og hadde fiskerinummer N-63-BØ.

«Vaarsol» er eit godt døme på dei mange mindre fiskekutterane som var sentrale i oppbygginga av ein moderne motorisert kystfiskeflåte i tida kring overgang frå tradisjonelt sesongfiske til heilårsfiske. Fartyet er godt bevart og har mange av sine opphavlege kvalitetar i behald.

Tilstand

Fartyet framstår som i god stand og i regelmessig bruk. Riksantikvaren har tidlegare synfare fartyet ved kai i Sunde.

Konklusjon

Etter ei vurdering av «Vaarsol» si historiske betydning og noverande tilstand, meiner Riksantikvaren at fartyet er verneverdig.

Vilkår

Når eit farty har fått formell status som "verna skip", skal vernearbeidet i hovudsak utførast etter same prisnipp som gjeld for kulturminne på land. Eigar av fartyet må difor rette seg etter følgjande vilkår:

- Drift og vedlikehald skal ha som overordna mål å sikre fartyet som varig kulturminne.
- Konserveringstiltak, vedlikehald og eventuelle istandsetningsarbeid må skje etter prinsipp som tek vare på dei historiske kvalitetane hjå fartyet ut frå ein nærrare dokumentert epoke i fartyet si historie.

Dette har konsekvensar i form av antikvariske krav til fartyet sitt eksteriør, interiør, materialval, handverksmessige utføring m.v. Det må difor utarbeidast ein verneplan for fartyet. Ein slik plan skal m.a. innehalde eit framlegg til kva for epoke/årstal i skipet si historie som skal danne utgangspunkt for vernearbeidet. Det må ikkje gjerast fysiske endringar, korkje i interiør eller eksteriør, før denne verneplanen er utarbeidd og godkjend av Riksantikvaren.

Når det gjeld istandsetjing og vedlikehald etter antikvariske retningsliner har det i mange tilfelle vore vanskeleg å sameine vår tids reglar for tryggleik og sjødyktigkeit med det teknologiske nivået dei verneverdige fartya representerer. Dette har resultert i løysingar som har gått på kostnad av dei antikvariske prinsippa. For å bøte på dette starta Sjøfartsdirektoratet, Norsk Foreining for Fartyvern og Riksantikvaren eit samarbeid som munna ut i etableringa av termen "verneverdig skip" i Sjøfartsdirektoratet sitt regelverk. *I samband med dette er det viktig å merkje seg at det er vern, og ikkje drift, av fartyet som er det primære.*


I følgje Sjøfartsdirektoratet sine *Regler for passasjer- og lasteskip m.v.* vært "verneverdig skip" definert som "*Skip/fartøy som har fått slik status etter godkjennelse av Riksantikvaren, eller den han bemyndiger. Denne status opprettholdes så lenge Riksantikvaren gjennom egen avtale med eieren, finner at de antikvariske betingelsene er opprettholdt*". Vidare heiter det at "*Skip som er definert som verneverdig skip, kan etter vurdering i det enkelte tilfelle få opprettholdt sitt opprinnelige arrangement og utførelse mest mulig, mot at sikkerheten om nødvendig blir ivaretatt med driftsbegrensninger som reduksjon i fartsområde, anvendelse kun isommerhalvåret osv.*" Sjøfartsdirektoratet gjev gebyrfritak for farty som er erklært verneverdige.

Når Riksantikvaren får skriftleg melding om at De godtek vilkåra som er nemnt over, vil De få tilsend ei formell stadfesting på at fartyet er verna. Samstundes vil det bli gjeve melding til Sjøfartsdirektoratet om godkjenning av statusen.

Vi vil streka under at godkjent status som "verneverdig skip" er knytt til vilkåra som er nemnt i dette brevet. Desse vært formaliserte gjennom ei avtale mellom eigar og Riksantikvaren. Ved eventuelt sal av fartyet må Riksantikvaren varslast. Neste eigar må inngå ny avtale med Riksantikvaren dersom statusen skal oppretthaldast.

Til slutt vil vi gjere merksam på at godkjenning som "verna skip" ikkje utan vidare medfører tildelingar frå Riksantikvaren sine midlar til fartyvern.

Beste helsing



Mari Søbstad Amundsen (e.f.)
konst. seksjonssjef



Erik Småland
seniorrådgjevar

Kopi til: Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavd., Postboks 7900, 5020
BERGEN / Sjøfartsdirektoratet, Postboks 2222, 5509 HAUGESUND